



LINDÅS TOMTESELSKAP AS  
Hagellia 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1547 - 15/8978

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
20.04.2015

## Gbfnr108/1/54 Lindås Senter. Løyve til deling av festeeigedom.

Eigedom: Gnr.108 bnr.1 fnr.54 Lindås senter  
Adresse for eiged.: Lindås senter  
Type tiltak: Omgjøring av festegrunn til sjølvstendig grunneigedom  
Heimelshavar: Lindås Tomteselskap AS  
Søker: Lindås Tomteselskap AS

### Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap har overteke festeeigedommen gnr.108 bnr.1 fnr.52, 54,55,56,57,58,60,61 og 64 frå Opplysningsvesenets fond. Samla areal er 25,7da. Dette arealet utgjer i dag Lindås Senter der om lag 10 da er bygget med forretninga og bustadar. Resten er felles areal, for det meste trafikkareal.

Det vert no søkt om løyve til å gjøre festetomtene om til sjølvstendige brukseiningar med eige bruksnummer.

Handsaminga her gjeld fnr.54. Dette er 0,2da bygd areal mot sørvest i senteret. Parsellen er eit tillegg til feste nr.52, slik det ser ut av kartet.

### Planstatus/dispensasjonar:

Tiltaket det er søkt om ligg i regulert område. Bruken av areala er i samsvar med gjeldande plan. Når tomtene vert gjort om frå festetomt til sjølvstendig eining, endrar det ikkje på bruken av areala. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

### Nabovarsling:

Det er ikkje sendt nabovarsel. Administrasjonen vurderer at det heller ikkje er naudsynt. Deling slik det er søkt om endrar ingen ting. Eigarane og dei fysiske tilhøva vert dei same både før og etter tiltaket.

### Tilkomst, vassforsyning og avløp:

Tiltaket fører ikkje til endring i desse tilhøva. Tomtene er alt utnytta i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde.



**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til deling å dele frå feste nr.54 av gbnr108/1, slik det er søkt om i søknad stempla motteke i kommunen 16.04.2015. Parsellen har eit areal på 0,2da og er nytta til forretningsbygg.

Dersom deling ikkje er gjennomført innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort.

**Grunngjeving for vedtaket – pbl §20-1, jf. §26-1:**

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld å gjere om festetomt til sjølvstendig brukseining. Tiltaket ligg i regulert område og området er nytta i samsvar med reguleringsplanen.

«Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigdommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigdommen gjeve av kommunen med heimel i Pbl.»

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen vert det sendt ut gebyr. Gebyret vert rekna ut samla for frådeling av i alt 10 parsellar. Kvar parsell får eit gebyr på kr.3400,-. For alle parsellane er gebyret kr.34000,-. Krav om gebyr vert sendt i separat brev for alle tomtane samla.

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert fullmakt.

**Klage:**

Etter reglane i forvaltningslova §§28flg., har partane rett til å klage over avgjerda innan tre veker får dei fekk kunnskap om vedtaket.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

LINDÅS TOMTESELSKAP AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ